

## Topptur på høgfjellet med fantastisk utsikt



Fjellstigen fra Trettestølane til Grytingadn og Såta heitte frå gammalt Vardahaugstigen. Frå høgda Syningen (1090), like ovanfor Trettestølane, er det fin utsikt over området.

Stigen fylgjer grovi (elva) Eitra i jamt stigande, godlendt terreng ca 2,5 km. oppover til åsbrotet, der flatar stigen ut vidare innover åsen. Innover Flåfjellet mot Såtabotn er terrenget nokså flatt, utan anna vegetasjon enn stein, fjellgras, lyng og mose. Austover er det slett, fin oppstigning til nordre Grytingen (1462), ca 1 km. Oppover til toppen av søre Grytingen er det mange breie, til dels litt farlege fjellsprekkar som kan være dekt av mose.

Stigen vidare mot Såta går opp i skardet mellom Veslesåta (i sør-aust) og Såta i nord-vest (1622). Oppstigninga til Storesåta er ingen

fast stig, men bratt oppstigning på steinut underlag. Frå toppen av Såta er det vidt utsyn frå Gaustatoppen i sør, Hallingskarvet i vest, til Skagastølstindane i Vestjotunheimen, mot nordaust. Ein kan også sjå deler av Hemsedal sentrum, Skogshorn og fjella mot Valdres.

Inne ved botnen av Såta finst det mange spor etter gamle nedlagde stølar (Sveidnvollane og Reiarsgardbotn). Ca. 2 km ovanfor Trettestølane ligg Urdevollan. Ca 100 meter vest for stigen og Eitra ligg godt synlege bua-tufter frå 1700-talet, med eit gammalt steingjerde rundt.



Køyr Nordbygdvegen (Fv. 244) og fylg vegen innover Votndalsåsen mot Trettestølane. Alternativt køyr frå Liagardane eller Myset. Betalingsbom.



Ved P-skilt på høgri side av vegen litt før Trettestølane.



15 km tur / retur. 1025-1622 moh.



Gamle, nedlagde stølstuffer.



Går ut frå ferist like før Trettestølane. Bratt stig på steinut underlag. Stigen er berre delvis merka, ta med kart!



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000 og tur og sykkelkart AI/Gol/Hemsedal 1:60.000



Foto: AI utvikling AS

